



Læring, demokrati og deltaking

Strategiplan for Voksenopplæringsforbundet 2023-2030

Sidan 1932 har Vofo fremma vaksne si læring ved sidan av det formelle utdanningssystemet. Frivillig vaksenopplæring er ei viktig drivkraft for samfunnsendringar som gjer folk nye moglegheiter og byggjer levande lokalsamfunn.

Mandat, samfunnsoppdrag og visjon

Strategiplanen er eit mandat frå årsmøtet som Vofo skal leggje til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i strategiperioden. Strategien er forankra i samfunnsoppdraget til Vofo:

1. Være interesseorganisasjon for studieforbunda, nasjonalt og regionalt.
2. Ivareta fellesoppgåver for studieforbunda og støtta studieforbunda overfor offentlege myndigheiter og andre.
3. Fremme vaksne si læring ved å bidra til mangfald, utvikling og ny kunnskap og være eit felles forum for vaksne si læring i demokratiske og ideelle organisasjonar.

Vofo er ein demokratisk paraplyorganisasjon som skal ivareta medlemmene sine felles interesser. Vi skal være eit fagmiljø for studieforbunda og ein tydeleg stemme som medverkar til politisk og fagleg forankra utvikling. Vofo skal fremme samfunnsverdien av vaksenopplæring i det 21. hundreåret.

Visjon

Vi skaper gode læringshistorier, der folk utviklar sin eigen livssituasjon og samfunnet rundt seg gjennom læring.

Verdiar

Medlemmer, tillitsvalde og tilsette i Vofo deler grunnleggjande verdiar som utgjer ei felles plattform for verksemda i alle ledd.

LÆRING

Vi byggjer kompetanse og bidrar til læringslyst og meistring.

DEMOKRATI

Vi byggjer aktive medborgarar og bidrar til tillit og openheit.

DELTAING

Vi fremmer likestilling, mangfald og inkludering.

Mål og oppfølging av strategiplanen

Føresetnadane for aktiviteten vår vil forandre seg gjennom heile perioden. For å gjennomføre strategien må vi evaluere og finne dei viktigaste aktivitetane og resultatmåla frå år til år:

- Styret vedtek ein handlingsplan med 3-5 konkrete delmål til kvart av satsingsområda i strategien.
- Fylkesutvala vedtek regionale handlingsplanar med konkrete delmål til satsingsområda i strategien i kvart fylke.

Berekraftsmåla til FN skal ligge til grunn for planarbeidet.

Satsingsområde for perioden 2023–2030

1. Vofo skal styrke rammevilkåra for vaksne si læring i studieforbund

Vi vil prioritere

- å fremme verdien av den frivillige vaksenopplæringa.
- å styrke finansieringa av studieforbund.
- å utløyse potensialet til studieforbunda i offentleg planverk.
- å forenkle og kvalitetssikre forvaltninga i studieforbunda.
- å styrke samarbeidet med partnarar innanfor utdanning, arbeidsliv og sivilsamfunn.

2. Vofo skal styrke eit samla fagmiljø for frivillig vaksenopplæring

Vi vil prioritere

- å styrke det faglege samarbeidet mellom studieforbund.
- å påverke den offentlege samfunnsdebatten.
- å fremme forskning- og utviklingsaktivitet for frivillig vaksenopplæring.

3. Vofo skal skape fleire gode læringshistorier

Vi vil prioritere

- å fjerne hindringar for deltaking, motvirke utanforskap og fremme folkehelse.
- å fremme berekraftig utvikling i verksemda til studieforbund.
- å utdanne gode kursleiarar og kursarrangørar.
- å dokumentere og synleggjere gode læringshistorier.

Vedtatt av årsmøtet 25. mai 2023.